

Styresak

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato: 27.01.2006
 Sakbehandlar: Anne May S. Sønstabø
 Saka gjeld: **BUDSJETT FOR HELSE VEST RHF ADMINISTRASJON 2006**

Styresak 006/06 B

Styremøte 08.02.2006

Bakgrunn

Styret i Helse Vest RHF vedtok under sak 114/05 inntektsramma for helseføretaka. Det vart i denne saka lagt fram ei kostnadsramme for RHFet på kr 73,7 mill. Administrasjonen legg med dette fram ein nærare spesifikasjon av kostnadsramma på hovudpostnivå, og seier noko om endringane frå 2005 til 2006 budsjettet.

Kommentarar

Administrasjonen legg med dette fram følgjande budsjettforslag:

	2005	2006	Vekst 05-06
(50) Lønn til ansatte	14 927	18 407	3 480
(51) Lønn til ansatte	1 791	2 209	418
(52) Fordel i arbeidsforhold	287	250	-37
(53) Annen oppgavepliktig godtgjørelse	938	1 098	160
(54) Arbeidsgiveravgift og pensjonskostnad	4 881	6 263	1 382
(55) Annen kostnads godtgjørelse	100	400	300
(56) Kompetanse og rekruttering	2 455	2 740	285
(59) Annen personalkostnad	658	680	23
Sum lønns- og personalkostnader	26 037	32 046	6 009
(60) Av- og nedskrivning	3 000	3 225	225
(63) Kostnader lokaler inkl. energi og brensel	1 406	3 250	1 844
(64) Leie mtu, maskiner, inventar o.l.	90	120	30
(65) Utstyr og driftsmaterialer som ikke skal aktiveres	500	250	-250
(67) Eksterne tjenester	23 009	24 835	1 826
(68) Kontorkostnad, trykksak o.l.	954	1 504	550
(69) Telefon, porto o.l.	1 100	1 925	825
(71) Kostnad og godtgj. for reise,diett, bil o.l.	3 636	3 410	-226
(73) Salgs- og reklamekostnad	2 135	1 480	-655
(74) Kontingent og gaver	30	25	-5
(75) Forsikringspremie, garanti. og serv.kostn.	85		-85
(76) Lisens -og patentkostnad	1 615	1 500	-115
(77) Annen kostnad	1 520	1 350	-170
Sum annen driftskostnad av-og nedskrivning	39 080	42 874	3 795
(80) Finansinntekt		-1 215	-1 215
Sum finansposter		-1 215	-1 215
Resultat	65 117	73 705	8 588

1. Løns- og personalkostnader

I budsjettet er følgjande stillingar lagt inn:

Avdeling	Årsverk
Informasjonsavdelinga	3 årsverk
Fagavdelinga	10,2 årsverk (2 ubesette)
Sekretariat	4 årsverk
Økonomi- og finansavdelinga	9 årsverk (1 ubesett)
Personal- og organisasjonsutvikling	2 årsverk
Eigaravdelinga	6 årsverk (2 ubesette)
Administrerende direktør	1 årsverk
Sum	35,2 årsverk

Samanlikna med 2005-budsjettet er dette ein auke på 5 stillingar. Lønskostnadene er lagt inn med heilårsverknad. Grunna plassmangel vil det ikkje vere aktuelt å bemanne fullt opp før ein har flytta i nye lokal og i påvente av dette kan ledige lønsmidlar i staden nyttast til å kjøpa tilsvarende tenester eksternt.

Stillingsramma for administrasjonen vart vedtatt i styret den 23. november 2005 sak 107/05 Organisering av Helse Vest administrasjonen. Nye stillingar i forhold til 2005 budsjettet er følgjande:

- 1 rådgjevar innanfor innkjøp/kontraktsadministrasjon
- 1 analysesjef (tilsett frå 1.1.06)
- 1 lege (rus/psykiatri)
- 1 byggeprosjektstilling
- 1 jurist (bestillar)
- 1 rekneskapsmedarbeidar (fast tilsett frå våren -05)

2. Andre driftskostnader

Kjøp av eksterne tenester

Det blir lagt opp til eit uendra nivå frå 2005 til 2006 på bruk av konsulenttenester. I tidlegare budsjettsaker har ein knytt bestemte beløp opp mot kvart budsjett. For 2006 er det med utgangspunkt i føreslegne prosjekt lagt opp til ei samla ramme som vil bli fordelt på prosjekta etter kvart som meir detaljerte prosjektbeskrivingar føreligg. Under følgjer ei liste over prosjekt som er planlagt gjennomført/starta opp i 2006:

Fagavdelinga
Gjennomgang av rehabiliteringsfeltet
Kvalitetsarbeid i Helse Vest
Psykiatri og rus - strategiske tiltak
Bruk av avtalespesialistane
Funksjonsfordeling HDS-HUS
Kvalitetssikring av utbyggingsprosj.
DRG-prosjekt
Telemedisinprosjekt - eiga finansiering
Kjøp av ventelistedata
Div. felles RHF-prosjekt
Helsefremmande arbeid - utvikling av skjema
Sekretariat
Prosjektstøtte - arkivplan

Økonomiavdelinga
Vidareutvikling økonomihåndbok
Ny årsoppgjerspakke
Integrasjon e-handel - fakturabehandling
Pas/epj. Integrasjon økonomisystem
Oracle - utvikling av system - opplæring
Oracle - kundemodul - vurdering
Kostnad pr. pasient (KPP), forprosjekt
Vidareutvikling av investeringsregime
Utvikling av styrerapportering
Vidareutvikling inntektsmodell
Vidareutvikling av Sim/profitbase
Ny bankavtale
e-handel og markeds plass
Verktøy for elektroniske innkjøpsprosedyrer
Kontiki kontraktsadm. system
Eigaravdelinga
Helse 2020
Heilskapeleg styringsinformasjon
Internkontroll
Miljøledelse (grønn stat)
Enøktiltak (jf. søknad til Enova)
Sykefraktransport ny IKT løysning (3,3 mill)
Personalavdelinga
MOT (menneske, organisasjon og teknologi)

Erfaringa frå tidlegare år tilseier at det innanfor ramma av foreslegne prosjekt kan koma endringar. Det er difor viktig at det på denne posten må vere ein viss fleksibilitet i forhold til å kunna setta i gang prosjekt som kjem opp undervegs i året. Ut frå omfanget av foreslegne prosjekt vurderer administrerande direktør dette til å vere ei realistisk ramme.

Kostnader lokal

Administrasjonen har for få kontor og for få møterom. Det er difor behov for å auke kontorarealet. Dette er ikkje mogleg i dei lokala Helse Vest held til i dag, og administrasjonen vil difor i løpet av sommaren 2006 flytte til nye lokalar (tidlegare IVAR-bygget), jf. 79/05. I tillegg er det òg behov for kontor plassar for dei konserntillitsvalde. Flyttinga vil medføre endring i husleige. I tillegg vil det måtta kjøpast ein del nytt inventar til fleire kontor og møterom.

Forslag til vedtak

Styret vedtar budsjett 2006 for Helse Vest RHF administrasjon